

Israels land

MAGNAR KARTVEIT

«Såleis gav Herren Israel heile det landet som han med eid hadde lova å gje fedrane deira. Og dei eigna det til seg og busette seg der. Herren lét dei få fred på alle kantar, som han hadde lova fedrane deira. Ingen av fiendane kunne stå seg mot dei; for Herren gav alle fiendar i deira hand. Ikkje eit einaste av alle dei gode orda som Herren hadde tala til Israels-ætta vart om inkje. Alt gjekk som han hadde sagt.»¹

Slik summerer Josva 21,43-45 opp situasjonen mot slutten av Josvas liv. I boka som ber hans namn, er det fortalt om landnåmet: Om korleis han førde folket over Jordan-elva og inn i landet, og om kampane dei førde for å ta landet i eige. Dei siste kapitla av boka inneheld Josvas tale til folket (kap. 23) og forteljinga om folkemøtet han heldt i Sikem (kap. 24). Oppdraget hans er no fullført. Landet er innteke, og han talar til folket og forpliktar dei i det store folkemøtet på å dyrka Israels Gud.

Like før Josvas tale og referatet frå folkemøtet vert det understreka – i dei siterte versa – at alt dette skjedde i samsvar med Guds eid til fedrane. Ordet «lova» eller «lovnad» er ikkje brukt i grunnteksta, berre i omsetjinga; men uttrykket «dei gode orda» tyder nok «lovnader». Same uttrykket finst nemleg i talen i 23,14, og samanhenggen på begge stader legg det nær å forstå det likt «lovnader».

1 Det lova landet

Josva-boka peikar difor tilbake til Guds eid og lovnader. Kva for lovnader og kva for ein eid?

1) Sitata i denne artikkelen er henta frå Bibelselskapet si omsetjing av 1978/85. Når mi omsetjing vik av frå Bibelselskapet si, er dette notert spesielt.

Teksta nemner fedrane, altså Abraham, Isak og Jakob; og Gud talte mange gonger til dei med «gode ord». Det er mange lovnader i den samanhengen.

Første gongen vi møter noko slikt er i 1 Mosebok 12,1-3:

«Herren sa til Abram: 'Far ut or landet ditt, bort frå folket og farshuset ditt, til det landet som eg vil syna deg! Eg vil gjera deg til eit stort folk; eg vil velsigna deg og gjera namnet ditt stort. Og du skal verta til velsigning! Eg vil velsigna dei som velsignar deg, og forbanna den som forbannar deg. I deg skal alle ætter på jorda velsignast.'»

Gud talar til Abram og gjev han eit påbod om å dra til eit nytt land. I tillegg til påbødet lovar han at Abram skal verta til eit stort folk. Dét var svært viktig for den som skulle forlata alt som heitte familie, ætt og heimland, altså alt som var trygda hans i sjukdom og alderdom. Dessutan gjev Gud han ein lovnad om velsigning.

Ein må forstå det slik at oppfyljing av påbødet er eit vilkår for at lovnadene skulle oppfyllast. På hebraisk kjem dette fram i dei verbformene som er brukte. Difor kunne teksta ha vore omsett slik: «Dersom du fer ut or landet ditt ..., skal eg gjera deg til eit stort folk ...»

Abram gjekk på Guds bod og lovnad; han handla etter det som vart sagt. Etter at han var komen til Kanaan, til heilagstaden Sikem, lova Gud han landet: «Di ætt vil eg gje dette landet.» (v.7). Fyrst etter at Abram hadde vist seg lydig, lova Gud ætta hans landet.

Abram starta så å dyrka Gud i landet; han bygde altar i Sikem, mellom Betel og Ai, og sikkert andre stader. Til sist nemner denne teksta Negev, og dette vart målet for Abrams vandring. Når han slik vandra rundt og bygde altar, tok han på ein måte landet i eige. Det var hans landnåm. Det kan verka lite for oss, men var viktig.

Gud lova Abram ei ætt, og denne ætta lova han Israels land. Desse lovnadene om ætt og land er tekne opp att til Abram/Abraham i 1 Mos 13,15; 15,7.18-21; 17,8; 24,7; og overførde til Isak i 26,3f; og til Jakob i 28,4.13; 35,12; 48,4. Alle dei tre fedrane får altså lovnader med same innhaldet.

Når lovnadene går igjen i så mange tekstar i 1 Mos, skaper dei ein raud tråd gjennom heile boka. Det er altså ikkje berre ein einskild lovnad Jos 21,43-45 har i tankar, men ei hovudsak i 1 Mos. Dermed blir sjølve hovudsaka i Josvaboka, landnåmet, knytt til den raude tråden i 1 Mosebok. Landet er lova i 1 Mos, og det er teke i eige i Jos.

Dersom ein så legg til at Abram fyrst kom til Sikem, fekk landlovnaden der og bygde eit altar på staden, blir det knytt endå nærare samband til Josva-boka. I Jos 24 er det nemleg fortalt at folkemøtet vart arrangert

nettopp i Sikem. Den fyrste staden ættefaren Abram kom til i landet, var Sikem, og Josva samla heile Israelsfolket der. Abram fekk landlovnaden i Sikem, og folkemøtet etter fullført landnåm vart halde i Sikem. Abram bygde altar på staden, og Josva forplikta folket på å dyrka Gud nettopp der.

Landlovnadene som vart gjevne til fedrane, vart altså oppfylte i og med landnåmet under Josva. Dette er tydeleg nok svært viktig for Josva-boka, og vi har dermed fått ei tyding av 1 Mos som vi må ta alvorleg når vi les Bibelen idag. Lovnadene til fedrane er ikkje gjevne med tanke på ei framtid som det er vanskeleg å bestemma, men med tanke på Josvas tid og livsverk. Når Bibelen knyter Josvas verk til fedrane, må vi respektera det.

No kunne ein bli usikker på om dette er heile biletet. Det er i alle fall to innvendingar ein kan gjera mot dette synet, og eg skal presentera og drøfta desse:

a) For det fyrste: Jos 21,43-45 brukar ordet «eid». Dersom ein les dei tekstane som inneheld lovnader i 1 Mos, finn ein ikkje uttrykka «eid», «sverja» eller liknande. Kanskje det likevel er andre tekstar Josva-boka siktar på enn dei nemnde i 1 Mos?

I Sal 105,9 blir «eid»² brukt jamsides med «pakt», og det er sannsynleg at begge orda siktar på den same lovnaden til fedrane. I nokre tekstar med landlovnader i 1 Mos er det tale om ei pakt (15,18; 17,2.4), og når Josvaboka brukar «eid», er det difor truleg tenkt på pakta i 1 Mos 15 og 17, såvel som på landlovnadene meir generelt. Truleg er det difor rett å forstå det slik at Josva-boka og 1 Mosebok heng så tett saman som eg sa ovanfor.

b) For det andre: I 1 Mos 15,7 seier Gud til Abram at han henta han frå Ur i Kaldea for å «gje deg dette landet til eige». Er det då slik å forstå at fedrane sjølve fekk landet i eige, og at landnåmet under Josva var ei anna hending?

Som før sagt, tok Abram landet i eige på den måten at han bygde altar på fleire stader. Når han dyrkar Gud der, viser han at landet er Guds, og at Guds landlovnad og landgåve står fast. For så vidt har han fått landet. Men på den andre sida eig han ikkje så mykje jord at han kan få gravlagt kona si. Når Sara dør, må Abraham kjøpa jord av hetitten Efron (1 Mos 23). I den samanhengen kallar han seg sjølv for «innflyttar og framand» (v.4). Forhandlingane om kjøpet av Makpela-hola er nøyaktig referert i 1 Mos 23, og det er gjort på ein slik måte at framstillinga mest har karakter av å vera eit juridisk dokument. Slik måtte det vel vera når det galdt ein «eigande

2) Den norske omsetjinga brukar her «dyr lovnad» som omsetjing for det hebraiske ordet som tyder «eid».

gravstad» (v.4.20), der Abraham sjølv også vart gravlagt, 1 Mos 25,9f. Ved forhandlingar og kjøp skaffar han seg råderett over ein familiegravstad. Det er alt som er hans av landet.

Abraham fekk altså ikkje rådvelde over noko stort område i Israel. Han vandra med familien og ætta si rundt i landet, og altara og gravstaden var av dei få faste punkt han hadde.

Det er difor ikkje så underleg at somme tekstar har eit karakteristisk uttrykk for fedrane sitt tilhøve til landet. I 1 Mos 17,8 lovar Gud Abram og ætta hans hans «framandskaps land», «landet der du bur som ein framand»³; og i 28,4 ynskjer Isak Jakob at han må få ta i eige sitt «framandskaps land». Ved hjelp av dette uttrykket får desse tekstane fram at det trass alt var ein viss avstand mellom fedrane og landet. Uttrykket stemmer også godt med Abrahams omtale av seg sjølv i 1 Mos 23,4: «innflyttar og framand».

Svaret på det nemnde problemet er altså: Sjølv om fedrane fekk, og på sin måte tok i eige landet, var det berre på ein førebels og ufullstendig måte. Dei var stendig «framande og utlendingar». Den fulle oppfyltinga av lovnadene let enno venta på seg. Dén kom fyrst med Josva og landnåmet.

Desse tekstane inneheld både landlovnad og ættelovnad. Finst det teikn på at også ættelovnaden vart oppfylt? Det ville i så fall styrkja det synet at lovnadene til fedrane fekk si oppfylting under Josva.

Ja, 2 Mos 1,7 vil ha sagt at ættelovnaden vart oppfylt:

«Israelittane var fruktbare og det vrimla av dei; dei vart mange og svært mektige og heile landet vart fylt av dei.»⁴

Nokre av orda her er dei same som i 1 Mos 1,28. 2 Mos 1,7 vil difor truleg peika på at Israels-folket oppfylte det bodet som var gitt dei fyrste menneska (og dermed alle menneske) om å vera fruktbare, verta mange og fylla jorda. Også uttrykket å «vrimla» finst i 1 Mos 1, nemleg i v.20f.

Men andre uttrykk knyter denne teksta til ættelovnaden i 1 Mos 17,2: «bli mektig» og «svært mykje». Dessutan har fleire av ættelovnadene brukt ord frå 1 Mos 1,28: 1 Mos 22,17; 26,4.24. Ord frå oppdraget til dei fyrste menneska om å verta mange og fylla jorda vart altså brukte i lovnader til fedrane om ei ætt som skulle fylla landet. Dette var enklare på hebraisk enn på norsk, fordi det hebraiske ordet som er brukt i desse tekstane, ^ʿ*aræts* (i bunden form *haʿaræts*), kan tyda både «jord» og «land».

3) I den norske omsetjinga: «det landet du no held til i».

4) Dette er mi omsetjing. Bibelselskapet har her: «Israels-folket voks og auka; det vart så stort og talrikt at det fylte heile landet.»

Israel i Egypt oppfylte altså begge deler, både oppdraget til alle menneske i 1 Mos 1 og ættelovnadene i 1 Mos. Dette er tydeleg nok meininga med ordbruken i 2 Mos 1,7.

Når det altså var slik at ættelovnaden vart oppfylt ved at folket vart stort i Egypt, er det naturleg at landlovnaden vart oppfylt ved landnåmet under Josva. Utvandring frå Egypt og innvandring i Kanaan, eksodus og landnåm, det var to viktige frelseshendingar som begge hadde bakgrunn og basis i lovnadene til fedrane.

2 Guds land

Landlovnaden og oppfyltinga av han kan ein kalla den historiske forståinga av landet, den historiske dimensjonen ved det gamaltestamentlege synet på landet. I tillegg til denne finst det i GT ein annan innfallsvinkel til tenkjinga omkring Israels land. Han har blitt kalla kultisk fordi han står så nøye i kontakt med kulten, gudsdyrkinga i templet. Grunnlaget for denne tanken finn vi i 3 Mos 25,23:

«Jorda må ikkje seljast for alltid. For landet er mitt, og de er framande og gjester hjå meg.»

Det grunnleggjande her er at landet tilhøyrrer Gud. Han er Herre over jorda, og dei som bur og lever på henne, har henne berre til låns. Eller rettare: til leige. Gud blir på ein måte lensherre, godseigar, og menneska blir brukarar, «husmenn», hjå han. Difor heiter det i fortsetjinga av det siterte verset at jorda går tilbake til seljaren i frigjevingsåret⁵. Når ein må selja jorda si, sel ein henne difor berre for ein viss periode, berre for den tida som er att til frigjevingsåret. I dette året fell jorda tilbake til seljaren. Grunnlaget er at jorda er Guds, og at menneska berre er forvaltarar av henne.

«Når du sel jord til landsmannen din eller kjøper jord av han, skal de ikkje gjera urett mot kvarandre. Du skal betala han, alt etter kor mange år det har gått sidan frigjevingsåret, og han skal setja prisen etter talet på dei åra du kan hausta grøda. Di fleire år det er att, di større kjøpesum, og di færre år, di mindre kjøpesum. For det er berre eit visst tal avlingar han sel deg.» (3 Mos 25,14-16).

5) På hebraisk heiter det 'jobel'-året. I eldre omsetjingar brukte ein uttrykket «jubel-året». Dette er uheldig fordi det kan forståast som ei omsetjing, medan det i grunnen er ei gjengjeving av grunnteksta med latinske bokstavar.

Ein liknande tankegang kan ein møta hjå såkalla urfolk rundt om på jorda i dag, hjå indianarar og andre opphavlege innbyggjarar. Dei reknar seg berre som brukarar av jorda, ikkje som eigarar, og det er difor i grunnen meiningslaust å selja jorda som om ho tilhøyre menneske. Det einaste menneske kan skifta på, er bruksrett, beiterett til dømes. Sjølve jorda kan ein ikkje selja, for ho tilhøyre Gud.

På bakgrunn av denne tankegangen er det forståeleg at det blir konflikt dersom det offentlege ynskjer å byggja eit kraftverk eller noko anna, og vil or-eigna, ekspropria, jord. For urfolk er eit slikt ynske lite interessant og i grunnen utan mening – for kven kan selja det som er Guds? Og kven kan kjøpa det som tilhøyre Han? At ein vil bruka jorda, er forståeleg, og kanskje kan ein betala andre menneske for det, men å eiga henne er uråd.

Det blir heller ikkje så enkelt om det offentlege vil demma ned område med beiteland ved å byggja ein stor dam for eit kraftverk. Dette blir eit inngrep i Guds område som må bli problematisk.

Dette er syn som finst hjå folk i verda den dag i dag. I det gamle Israel hadde ein altså noko av same forståinga av landet og jorda. Denne forståinga hadde mange viktige konsekvensar.

Ein av dei er alt nemnd: Jorda kunne berre seljast for ei viss tid, ikkje for alltid. I frigjevingsåret gjekk landet tilbake til eigaren.

Og vidare: Dersom Israel hadde landet berre til leige, måtte dei betala for leiga: tiend og fyrstegrøde. Begge er nemnde fleire stader i GT.

«All tiend i landet, både av grøda på marka og av frukta på trea, høyrer Herren til. Ho er vigd til Herren.» (3 Mos 27,30).

Og fyrstegrøda skulle ein israelitt ta av alt det han avla, leggja det i ei korg og fara til templet med henne. Korga skulle han gje til presten som sette henne fram for altaret. I vedkjenninga som fylgde med fyrstegrøda, heiter det mellom anna:

«No kjem eg med fyrstegrøda av det eg har avla på den jord du gav meg, Herre.» (5 Mos 26,10).

På same måten er det med det fyrstefødde:

«Det som er fyrstefødt i buskapan, må ingen via. Fordi det er fyrstefødt, høyrer det Herren til. Anten det er storfe eller småfe, høyrer det Herren til.» (3 Mos 27,26).

I grunnen gjeld dette både dyr og menneske:

«Herren sa til Moses: 'Alt fyrstefødt skal du helga åt meg. Alt som kjem fyrst frå mors liv i Israel, anten det er folk eller fe, høyrer meg til.'» (2 Mos 13,1f).

I tillegg til ordninga med frigjevingsår, tiend, fyrstegrøde og dei fyrstefødde skulle Guds herredøme over landet markerast ved at det fekk kvila kvart sjuande år. Det var sabbatsåret:

«Når de kjem inn i det landet eg vil gje dykk, skal landet ha ei sabbatskvild for Herren. Seks år skal du så til åkeren din, og seks år skal du skjera vintrea dine og samla inn grøda i landet. Men i det sjuande året skal det vera full kvile for landet, ein sabbat for Herren. Du skal du korkje så åkeren din eller stella vintrea dine.» (3 Mos 25,2-4).

Alle desse ordningane hadde samanheng med Guds herrevelde over landet. Landet var hans, og dette skulle visast i gudsdyrking og i arbeidsliv.

Det er ein nær samanheng mellom denne krinsen av motiv og ein annan:

3 Det heilage landet

Fordi landet er Guds, er det eit heilagt land. Det kan då ikkje tola at folk lever i strid med Guds vilje, slik folkeslaga før Israel gjorde:

«For med alt dette har dei gjort seg ureine, dei folkeslaga som eg vil driva ut for dykk. Landet har vorte ureint, og eg vil straffa det for synda, så det spyr ut dei som bur der.» (3 Mos 18,24f).

Same språkbruk finst òg i 3 Mos 18,28; 20,22. I samanheng med dette står listene over velsigningar og forbanningar i 3 Mos 26; 5 Mos 28. Tonen i desse kapitla er at

«Dersom de lever etter føresegnene mine og gjev akt på boda mine og held dei, vil eg senda dykk regn i rett tid. Jorda skal gje grøde og trea på marka frukt. Treskjetida skal vara heilt til vinhausten, og vinhausten skal vara til kornet vert sått. De skal eta dykk mette av eige brød og bu trygt i landet dykkar.» (3 Mos 26,3ff).

Dersom folket ikkje held lova, vil dei verta straffa «med redsler, med tæring og feber» (v.16). I denne tradisjonen står mange tekstar i GT, både hjå profetane og elles. Typisk er Salomos innviingsbøn for templet, 1 Kong 8,23-53, der serleg v.35-40 nemner regn, hungersnaud, pest osv. Når plagene ramma, kunne folket venda seg til Gud og be i templet om hans

nåde og tilgjeving. Israel måtte passa på å halda lova, så Jahve ikkje straffa gjennom tørke, okkupasjon, hunger og anna. Skjedde det likevel, kunne ein altså ha templet som tilflukt og redning.

4 Eksil og tilbakevending

Frå landnåmet under Josva av budde Israel i landet gjennom fleire hundre år. Etter han vart landet styrt av «domarar», før dei fyrste kongane kom: Saul, David og Salomo. Under desse kongane hadde landet si største utstrekning. I 926 f. Kr. vart riket delt i to, med eit Nord-rike som vart kalla Israel, og eit Sør-rike med namnet Juda. Nord-riket, Israel, gjekk til grunne i 722 f. Kr., då assyrarkongen Salmanassar V tok hovudstaden Samaria, og dei viktigaste personane i riket vart førde som fangar til forskjellige stader i Mesopotamia. Også Sør-riket gjekk under, då babylonarkongen Nebukadnesar tok Jerusalem i 587 og førde bort dei øvste skikt i folket.

Folket miste altså sjølvstendet i landet i to omgangar (722 og 587), men i grunnen var det berre deler av det som vart førde bort. Det var alltid ein rest som budde igjen i landet, både i Nord-riket og i Sør-riket. Likevel vart det no eit spørsmål om lovnadene hadde mist aktualitet. Var landet tapt for folket? Ville dei som var att, smått om senn gå til grunne ved inngifte og utflytting?

På den tida Jerusalem fall, forkynte to store profetar for folket: Jeremia og Esekial. På same måten som profetane før dei, var dei sterkt opptekne av tilhøvet til landet.

Jeremia var sett «til å rykkja opp og riva ned, til å øydeleggja og bryta sund» (Jer 1,10), altså fire ord for Guds straffande gjerning. Men han skulle også «byggja og planta», så Gud hadde også ein god plan for folket. Profeten fekk i oppdrag å forkynna mykje dom over urett og synder, og han fekk også oppleve katastrofa over landet og Jerusalem.

«Heile dette landet skal verta ei audn og ei øydemark, og folkeslaga her skal træla under babylonarkongen i sytti år.» (Jer 25,11).

Domen skulle altså ramma folket, men berre for ei tid. Jeremia kunne i denne situasjonen forkynna framtidig frelse. Og han er heilt konkret på dette punktet:

«Så seier Herren: Når sytti år er lidne for Babylonia, skal eg sjå til dykk. Då vil eg gjera det eg har lova, og føra dykk heim att til denne staden. For eg veit kva tankar eg har med dykk, seier Herren, fredstankar og ikkje ulukketankar. Eg vil gje dykk framtid og von.» (Jer 29,10f).

Det var ikkje underleg at folket hørde nøye etter denne forkynninga, og grunna over henne. Nokre generasjonar etter Jeremia, på 520-talet f. Kr., stod det fram ein annan profet, Sakarja. I det fyrste synet som er fortalt i boka, tek han opp spørsmålet om dei sytti åra som Jeremia hadde forkynt. Frå Jerusalem fall hadde det gått omlag sytti år, og Sakarja ser og høyrer viktige ting:

«Då tok Herrens engel til ords og sa: 'Herre, Allhærs Gud, kor lenge vil du drya før du gjer miskunn mot Jerusalem og byane i Juda som du har vore harm på i sytti år?' Og Herren gav engelen som tala med meg, gode og trøystande ord til svar. Og engelen som tala med meg, sa: Rop ut desse orda: Så seier Herren Allhærs Gud: Eg er full av brennhug for Jerusalem og Sion, og stor er harmen min mot dei trygge heidningfolka; ... Atter ein gong skal byane mine fløyma over av det som godt er. Atter skal Herren ha medkjensle med Sion, endå ein gong velja ut Jerusalem.» (Sak 1,12-17).

Dette var nok ein trøystande bodskap for folket, like viktig i denne situasjonen som lovnadene var det for fedrane og Josva. Sakarja opplevde at Jerusalem og templet der vart bygde opp att. Han levde altså i tida for oppfyljing av Jeremias forkynning.

Endå meir tydeleg er slutten av Krønikebøkene om dette. Når det er fortalt om øydeleggjinga av Juda og Jerusalem, heiter det:

«Såleis vart det oppfylt, det ordet som Herren hadde tala gjennom Jeremia. Landet fekk kvila til dess det hadde teke att sabbatsåra sine, så lenge det låg audt, til sytti år var lidne.» (2 Krøn 36,21).

Her er dei sytti åra forstått som oppfyljing av lova om sabbatsår. Ved at landet låg aude i den tida, fekk det ta att dei forsømde sabbatsåra i eitt strekk. Difor kan også denne boka slutta med ei gledeleg melding:

«I det fyrste året Kyros var konge i Persia, gav Herren han den tanken at han skulle senda ut ei kunngjering, så det ordet Herren hadda tala gjennom profeten Jeremia, skulle oppfyllast. Kongen kunngjorde i heile sitt rike, både munnleg og skriftleg, denne bodskapen: 'Så seier Kyros, kongen i Persia: Herren, Gud i himmelen, har gjeve meg alle kongerike på jorda. Han har sett meg til å byggja eit tempel for han i Jerusalem i Judea. Gud vere med kvar ein av dykk som høyrer folket hans til! De kan få fara heim!'» (2 Krøn 36,22f).

Krønikebøkene sluttar med det sokalla Kyros-ediktet, kunngjeringa frå kong Kyros om at folket kunne dra tilbake til Jerusalem og byggja opp att templet. På same måten som i Sakarja-boka er det altså sagt at frelsesfor-

kynninga hjå Jeremia no blir oppfylt. Dei sytti åra er forbi; folket kan no ha framtid og von i Israels land.

Meir av Kyros-ediktet er sitert i starten av Esra-boka, Esr 1,1-4. Tillegget her seier at folket skal byggja templet, og at dei skal få sølv og gull og praktisk hjelp til dette arbeidet av grannane der dei bur, før dei tek i veg til Jerusalem og startar det store verket.

Resten av Esra-boka fortel så korleis det gjekk med dette prosjektet. Folket drog heim att, og fullførte tempelreisinga. Det skjedde under ein viss motstand, men til sist kunne templet innviast, 6,16ff. Dette konkrete arbeidet blir så etterfylgt av Esras åndelege innsats for å reinsa folket og gjenreisa respekten for lova, Esr 7-10.

I Nehemja-boka er temaet atterreising av muren rundt Jerusalem, busetnaden i byen, og andre reformer. Også i denne boka er Esra med: Han les opp lova, folket høgtidar lauvhyttfesten, og sannar sine synder, Neh 8-9.

Esra- og Nehemja-bøkene fortel korleis Jeremias profetiar vart oppfylte. Dei handlar om tida omkring 450 f. Kr. Frå 520-talet til 450-talet vart byen og templet gjenreist, folket flytta tilbake til landet, og livet i Juda og Jerusalem vart normalisert og regulert etter lova.

Sakarja og Krønikebøkene fortel altså at dei sytti år straff som Jeremia hadde forkynt om, var til ende. Landet var på nytt teke i eige og folket budde der. Også Esra og Nehemja opplevde det som skjedde som ei oppfylting av Jeremias forkynning. Det er tydelege tilbakevisingar til profeten Jeremia i desse bøkene.

Profeten Esekiel hadde også mykje frelsesforkynning for Israel. Vel kjende er orda i kap. 37 om dei turre bein i dalen som får nytt liv. Dei er eit bilete på at Israel skal verta vekt til live og bli ført til landet igjen. Innhaldet hjå Esekiel var altså det same som hjå Jeremia. Ein må difor gå ut frå at Israel opplevde at også profetiane hjå denne profeten vart oppfylde i tida etter 520 f. Kr.

Etter Esras og Nehemjas tid vart Israel ikkje bortført igjen. Rett nok var ein god del av folket blitt igjen i Babylonia, og det hadde dessutan utvikla seg ein jødisk koloni i Egypt. Men sentrum for folket vart no Jerusalem og landet omkring, der dei kunne bu nokså trygt.

Men stoda var ikkje ideell. Situasjonen på Nehemjas og Esras tid er skildra i Neh 9:

«Vi er trælur i dag;
vi er trælur i det landet du gav våre fedrar,
så dei skulle nyta landsens frukter
og alt det gode som finst der.
Den rike grøda i landet går no til dei kongane
som du har sett over oss for våre synder skuld.

Dei råder etter eige tykke over oss og feet vårt.
Vi er i stor naud.» (v.36f).

Denne botsbøna gir uttrykk for korleis ein kjende situasjonen midt på 400-talet: Folket budde for så vidt i landet, men det var ufritt og underlagt framande kongar. På denne tida var det persarane som herska over heile Midt-Austen, og også i Israel var ein underlagt deira styre og stell. Israel var træljar i Israels land.

Men dei fekk bu der, like til katastrofene for byen, templet og folket i år 70 og 135 e. Kr. Jødane vart då fordrivne frå byen av romarane, og mange av dei busette seg andre stader i landet. På nytt måtte spørsmålet melda seg: Er landlovnadene og landprofetiane enno aktuelle? Dei fleste meinte nok at dei var det; men då hadde det alt kome ei heilt ny forståing av landlovnaden – i og med Jesus og Det nye testamentet. Det var ikkje berre spørsmål om aktualitet, men om innhald og forståing av lovnadene og profetiane.

5 Landet midt i verda

Mellom dei yngste bøkene i GT er Krønikebøkene. Dei vart til ein gong på 400- eller 300-talet. Her finst det ei forståing av Israels land som er noko spesiell – sett frå norsk synsstad⁶. Ikkje så mange er merksame på dette, og det skal ein ikkje undrast på, ettersom Krønikebøkene knapt er folkelesnad. Mykje av skulda for dette ligg nok på at dei fyrste ni kapitla er fulle av lister med namn. Når eit verk startar med «Adam, Set, Enosj; Kenan, Mahalel, Jared», og held fram i same stil over omlag 11 sider, kan det skræma bort sjølv den mest målbevisste lesar.

Men denne starten på dei to Krønikebøkene har eit visst sikte. Det første kapitlet presenterer nemleg heile verda. Alle folk på jorda er ætlingar frå Adam, og Israel har også sin plass mellom alle folka. Namna på folka er henta frå tilsvarande lister i 1 Mos 5; 10; 11; 25 og 36, og det dreia seg om alle dei folka som var kjende for Israel på den tida.

Dersom ein går dette kapitlet nøyare etter, viser det seg at folkeslaga er å finna i ein sirkel rundt Israel: Jafets etterkomarar i nord og vest, Kams ættingar i sør og Sems søner i aust. Frå Sem kom jo Abrahams familie, og han sjølv vandra frå aust til Kanaan/Israel. På denne måten er Israel plassert midt i verda. Det er eit land som ligg midt mellom alle dei andre.

6) Meir stoff til dette temaet kan ein finna i doktoravhandlinga mi, *Motive und Schichten der Landtheologie in I Chronik 1-9*, Stockholm 1989 (CB.OT ; 28).

I Esek 38,12 er det fortalt at fyrsten Gog skal gå til åtak på dei som bur ved «heimsens navle», og det må etter samanhengen vera tale om Israel. Israel er altså eit folk som bur midt mellom folka, ved «navlen», det vil seia der det heile har sitt sentrum og der livet starta. Same uttrykket har Dom 9,37 – der rett nok omsett med «Midtfjellet», men i grunnteksta er uttrykket likt. I samanhengen der kan det forståast slik at Garisimfjellet er «heimsens navle». Det er altså slik at det i to tekstar er brukt eit uttrykk som dekkar det 1 Krøn 1 får fram indirekte: Israels land er eit land i midten. Tett opp til dette ligg språkbruken i Esek 5,5 og Jes 19,24.

Mange folkeslag har nok tenkt slik om seg sjølv. Kinesarane kallar landet «Midtens rike», og i norrøn tid brukte ein på våre kantar å snakka om «Midtgard». Men det er meir ved den israelittiske forståinga enn dette.

Når ein les vidare i 1 Krøn 2-8, blir ein presentert for alle dei 12 stammene i Israel. Desse er jo kjende frå mange tekstar, og ein kan i hovudsak sjå to metodar for famstilling av rekkjefylgja: éin etter mødrene og éin etter geografien. I 1 Krøn 2,1f er stammene opprekna i samsvar med mødrene, og same ordninga finst i 1 Krøn 27,16-22. I 1 Krøn 12,25-38 er derimot stammene rekna opp etter geografien, nemleg frå sør til nord.

Di meir påfallande er den ordninga som finst i kap. 2,3-8,40. Her er det ikkje mødrene eller sør-nord-retninga som avgjer, men ein annan plan. Rekkjefylgja er slik: Juda, Simeon, Ruben, Gad, Manasse aust for Jordan, Levi, Jissakar, Benjamin, Naftali, Manasse vest for Jordan, Efraim, Asjer og Benjamin. (Benjamin finst både i kap. 7 og 8, men det er grunn til å rekna med at Benjamin-lista i kap. 8 er primær.) 1 Krønikebok legg inn geografiske opplysingar om desse stammene mest overalt, og plasserer dei dermed i terrenget. Når ein ser korleis mønsteret då blir, startar lista omkring Jerusalem (Juda) og endar nord for Jerusalem (Benjamin). På vegen går ein fyrst sørover (Simeon), så austover (Ruben), og deretter nordover på austsida av Jordan og så på vestsida av elva. Til sist bøyer ein altså tilbake til utgangspunktet. Lesaren blir førd i ein sirkel med start og slutt i Jerusalem. Midt i landet ligg altså Jerusalem.

Israel ligg altså midt i verda, og Jerusalem midt i Israel. At Jerusalem er viktig, er stadfesta i kap. 9, som inneheld ei liste over innbyggjarane i byen. Rett nok er det ei liste over dei som vende tilbake frå eksilet og slo seg ned i Juda og Jerusalem, men ho understrekar samstundes at denne byen er viktig. Jerusalem var hjarta i landet.

Men enno er ikkje dette alt. No startar sjølv historieforteljinga i kap. 10, og kva er eigentleg sentrum i henne? Templet. Rett nok handlar det om kongane, men deira viktigste oppgåve er å syta for templet og gudstenesta der.

Salomos bøn ved vigslinga av templet, 1 Kong 8, viser kor sentralt templet var for alt liv i landet, og denne bøna er også med i Krønikebøkene, nemleg i 2 Krøn 6. Ein kunne venda seg til templet i omvending, bot og bøn. Denne sida ved templet er endå tydelegare i Krønikebøkene. Typisk er uttrykksmåten i 2 Krøn 34,8: Kong Josjija «reinsa landet og templet». Ordet for å reinsa blir elles i GT brukt om templet og det som høyrde til der, og det er påfallande at det blir brukt her. Når så skjer, kan det berre tyda at landet blir rekna som eit tempel-område, som ein stor føregard til heilagdomen.

Dette er ei forståing av landet som understrekar eit motiv vi har nemnt før: Israel er eit heilagt land. Dermed er vi tett opp til det som var viktig på NTs tid: Kva er no eigentleg Israels land? Korleis skal ein forstå det?

6 Israels land er ein skugge av Guds rike

Dei fyrste heidningekristne skapte eit stort ordskifte mellom apostlane og dei jødekristne. Måtte alle halda Moselova og la seg omskjera, eller var dette berre for jødane? Diskusjonane førte til eit spesielt møte i Jerusalem, det sokalla apostelmøtet i år 48/49. Somme kristne frå farisearflokken hevda at også heidningekristne måtte «omskjerast og påleggjast å halda Moselova» (Apg 15,5). Likevel enda det med eit vedtak om at omskjering ikkje var nødvendig for alle kristne, men at heidningekristne berre skulle «halda seg frå det som er sulka med avgudsdyrking, frå hor, frå kjøt av dyr som er strøypte, og frå blod.» (Apg 15,20; jf. v.29).

Det avgjerande innlegget i debatten vart halde av apostelen Jakob. Han hadde eitt slåande argument for den lina som vann fram, nemleg at det var føresagt i Skrifta at heidningane skulle verta frelste. Han førde altså prov frå Skrifta, og det vog tydelegvis så tungt at møtet valde å fylgja hans forslag. I vedtaket heitte det at «Den Heilage Ande og vi har vedteke ...» (v.28). Ettersom «Skrifta» ikkje er nemnd, kan det vera at møtet oppfatta Skriftsitatet som eit ord frå Gud, frå Den Heilage Ande. Difor brukte ein uttrykket «Den Heilage Ande og vi».

Kva for eit sitat dreier det seg om? Jakob siterer Am 9,11f, men på denne måten:

«Sidan vil eg koma att og reisa Davids falne hytte. Det som er nedrive, byggjer eg opp; eg reiser det på nytt, så alle andre menneske kan søkja Herren, alle folkeslag som mitt namn er nemnt over.» (Apg 15,16f).

Dersom ein så les originalen i Am 9,11f, ser han slik ut:

«Den dagen reiser eg opp att Davids falne hytte. Eg murar att rivnene og reiser det som ligg i røys; eg byggjer henne som i gamle dagar. Så kan dei ta resten av Edom i eige og alle dei andre folkeslaga som er nemnde med mitt namn, lyder ordet frå Herren som fullfører dette.»

Det er fleire forskjellar mellom originalen og sitatet, men mest påfallande er vel at Amos talar om «Edom» medan Jakob nemner «menneske», og at det i GT er snakk om «å ta i eige» medan NT har «å søkja Herren». Forklaringa på dette er at den hebraiske teksta til GT på den tid NT vart skrivne ned, vart skriven berre med konsonant-teikn. Nokre av desse teikna kunne stå for vokalar, men stort sett var teksta utan vokalar. No kunne ein *lesa* dei hebraiske teikna med litt forskjellige vokalar, og på den måten lett lesa ^ʔ*adam* = «menneske» i staden for ^ʔ*Edom*, og *jidresju* = «dei skal søkja» i staden for *jijresju* = «dei skal ta i eige»⁷.

Amos forkynte altså at Davids falne hytte skulle atterreisast og restaurerast. Med det tenkte han vel både på Davids kongehus og det store landområdet han styrde over. Dessutan skulle Israel utvida grensene sine; spesielt er grannen i søraust, Edom, nemnd.

Når Jakob siterer desse to versa, blir det til eit skriftprov for at heidningane var rekna med i Guds frelse. Om han no sjølv las konsonant-teikna på ein ny måte eller brukte ei vanleg lesing av dei, så får han i alle fall eit sitat frå profetane som overttydde forsamlinga om at heidningane var rekna med. Difor slapp dei å halda heile Mose-lova og lata seg omskjera.

Dette er ikkje det einaste dømet på at tekstar frå GT som handlar om Israels land, blir tolka på ei ny måte i NT. Lovnadene vart vekte til live og forstådde på ein ny måte. La oss ta eit døme på dette hjå Paulus.

Paulus argumenterer energisk for at eit menneske blir rettferdiggjort ved tru. Mellom skriftprova hans er sitatet som han brukar i Gal 3,8f:

«Skrifta såg føreåt at Gud ville rettferdiggjera heidningane ved tru, og føreåt forkynte ho denne gode budskapen for Abraham: I deg skal alle folkeslag velsignast. Difor vert dei som trur, velsigna saman med den truande Abraham.»

Her er det sitatet frå 1 Mos 12,3 som er avgjerande for apostelen. «Velsigninga til Abraham» er i 1 Mos 28,4 forstått lik landlovnaden:

«Måtte han [Gud Den Allmektige] gje både deg og ætta di velsigninga åt Abraham, så du kan ta i eige det landet du no held til i, det som Gud gav Abraham.»

7) I det siste tilfellet er også ein av konsonantane forskjellig. Men ein 'j' og ein 'd' er nokså like i det aktuelle alfabetet («kvadratskrifta»), og dei kunne difor forvekslast.

Det er ikkje rart at GT oppfatta det slik, for med «velsigning» tenkte ein på ytre gode: avling, avdrått og avkom. Dette er tydeleg i 5 Mos 28,11. «Velsigning» er i det kapitlet skjønna slik at åkeren gjev grøde, at buskapen formeirar seg og at mennesket får born. Ikkje rart at 1 Mos 28 kunne tolka «velsigninga åt Abraham» om landlovanden.

No brukar altså Paulus 1 Mos 12,3 om misjonen. Han byggjer på at velsigninga skulle nå ut til alle folk på jorda, og dette forstår Paulus slik at det gjeld frelse for heidningane. Velsigninga er lik rettferda av tru, og denne blir no andre folkeslag til del. Eit ord som i GT vart brukt om Israels land nyttar altså Paulus om misjonen og frelse for heidningane.

Men NT har fleire måtar for bruk av landteologien. Mest karakteristisk er vel Hebrear brevet. Der er Israels land forstått som eit bilete på noko komande, på Guds rike, det evige liv. Dette er fyrst framme i kap 3,7-4,11, der forfattaren seier at «lovnaden om å få koma inn til Guds kvile enno ikkje er oppfylt» (4,1). Og «Guds kvile» er eit uttrykk frå Sal 95,11, som avsnittet i Hebrear brevet siterer fleire gonger.

Forfattaren veit godt at dette uttrykket i Sal 95,11 siktar på kvile i landet, altså ro og fred i Israel for fiendane rundt omkring, men han kan ikkje slå seg til ro med denne forståinga. For: «Hadde Josva ført folket inn til kvila, då hadde ikkje Gud seinare tala om ein annan dag.» (4,8). Sal 95,11 kan difor ikkje tala om Israels land, men om ei anna kvile for folket. Denne kvila finn Hebrear brevet i forteljinga om skapinga, der det i 1 Mos 2,3 heiter at Gud kvilte etter skapargjerninga. «Kvila» er difor Guds kvile, altså i himmelen, altså det evige liv. «Lat oss difor streva etter å koma inn til denne kvila, så ingen er ulydig og fell.» oppmodar han i 4,11.

Den same forståinga legg Hebrear brevet fram i det store kapitlet om trua. «Trua er pantet på det vi vonar, vissa om ting vi ikkje ser.» heiter det programmatisk i Heb 11,1, og deretter fylgjer ei mengd døme på trus-heltar frå GT. Abraham, Isak og Jakob døydde utan å få det som var lova (v.13), og det er sterke ord om alle desse som var lova Israels land. Dei kalla seg til og med «framande og utlendingar», eit uttrykk som er henta frå nokre tekstar som eg alt har nemnt. Hebrear brevet brukar no dette uttrykket slik at «Om dei hadde tenkt på det landet dei drog ut frå, hadde dei hatt tid til å fara attende. Men no er det eit betre land dei lengtar etter: det himmelske.» (v.15f). Oppsummerande seier difor dette kapitlet at heltane frå GT «opplevde ikkje å få det som var lova. For Gud hadde for vår skuld noko betre i tankar; dei skulle ikkje nå fullendinga utan oss.» (v.39f).

Dermed blir Israels land berre ein skugge av noko komande, av det evige liv. Og den som har sjansen til å få det eigentlege, vil ikkje spilla tid på skuggen. Det er tanken som ligg under i desse tekstane i Hebrear brevet.

NTs bruk av GT har alltid vore avgjerande for den kristne kyrkja. Vi kan ikkje setja oss ut over den tolkinga som her er gjeven; ho må vera retningsgjevande for oss. Det er difor klart at når NT tolkar tekstar om Israels land som profetiar om misjonen mellom heidningane, må det også vera vår forståing. Når Hebrearabrevet i landet ser ein skugge av Guds fullenda rike, må det også styra våre tankar om dette.

Somme vil hevda at det kan vera råd med ei ekstra oppfylling av profetiar og andre tekstar frå GT. Dette kan sjølvsagt ikkje utelukkast, men kven skal kunna seia kva som er ei rett tolking? Kven vil avgjera når og korleis ei tekst er oppfylt? I NT er det sett som ei profetisk oppgåve å utleggja og tolka tekstar rett. Kven vil idag stå fram som tolkar med slike profetevner? Kven vil stilla seg på sida av NT med ein tilsvarande autoritet?

Ein har i kyrkja oppfatta det slik at NT har gjeve den avgjerande tolkinga av GT. Difor har ein avvist Mormons bok og andre nyare tillegg til Bibelen. Apostlane hadde autoritet til å utleggja profetane, og så får vi nøya oss med den utleggjinga. Bibelen har sterke åtvaringar mot å leggja noko til det som er gjeve oss, 5 Mos 4,2; 12,32; Op 22,18f. Det kan vera grunn til å lytta til den åtvaringa også når det gjeld forståinga av «Israels land».

No er det er slett ikkje så lite vi har fått ved nytolkinga i NT! Kva meir kunne vi ynskja oss enn ei utleggjing som siktar på misjonen og det evige liv?